

MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADAR

Prosjektnummer:	Plannamn: Detaljregulering for naust- og fritidsbustad, Aravikjø, 8/67 Ytre Håvik	PlanID: 202306
Dato: 10.01.2024	Merknader knytt til: Avgrensa høyring nov. 24	Sakshandsamar:

Avsendar, dato	Merknad summert opp	Forslagsstillar sine kommentar
Statsforvaltaren, 17.12.2024	Ser positivt på at planen er justert etter våre merknader. Likevel noko kritiske til at leikearealet er flytta frå eit ope areal ved sjø og til oppsida av vegen, sjølv om det vert argumentert med at dette arealet allereie er i bruk som leikeareal. Det er gjort eit «makebyte» der leikeareal ved sjø er endra til parkering og veg – noko vi meiner er uheldig mot potensiell bruk og verdi av arealet. Det er lite strandsoneverdiar att i området grunna utfylling, nedbygging og privatisering. Det er bygd/regulert svært tett – slik at restarealet har stor verdi som ope strandsoneareal. Sjølv om arealet er planert og lite attraktivt for opphald i dag, så meiner vi at arealet vil kunne opparbeidast til å bli eit verdifullt og attraktivt opphaldsareal ved sjø. Ber kommunen om å sjå på denne løysinga.	Endringa vart gjort med bakgrunn i innspel frå Statsforvaltaren, som ikkje ønska leikeareal nær sjøen, og med bakgrunn i nye opplysningar i rett til tilkomstveg og parkering over dette arealet ved sjø, samt tilkomst for tømning av slamavskiljar. Arealet nærast sjø er avsett til blå/grøntstruktur med krav om at det skal opparbeidast som grøntområde og revegeterast.
Fiskeridirektoratet, 05.12.2024	Fiskeridirektoratet bad om ei justering i føresegna knytt til sprenging, graving, utfylling og bygging i strandsona for å ta omsyn til gytefelt for torsk. Vi ser at våre innspel er teke med i den reviderte planen. Fiskeridirektoratet har ingen fleire merknadar.	Teke til orientering.

Didrik Brun Ferkingstad, på vegne av Håkon Andreassen, 20.12.2024	Håkon Andreassen (HA) er eier av den ubebygde tomta gnr. 8, bnr. 91. HA har tidligere i år nabovarslet et naust på sin eiendom med grunnflate 60 m². Han sier at kommunen har nektet å ta imot byggesøknaden under henvisning til pågående reguleringsarbeid. HA stiller seg helt uforstående til at hans eiendom er den eneste innenfor planområdet som skal måtte begrenses til BRA 40 m², som er mindre enn halvparten av alle de øvrige naustene innenfor området. Dette vil også rent estetisk gi en svært unaturlig og dårlig løsning. I dialog med ABO Plan & Arkitektur fikk vi til svar at det ikke var noen faglig eller planmessig begrunnelse for dette, men at det var blitt slik etter krav fra kommunen. I samtale med saksbehandler i kommunen fikk vi forklart at kommunen trodde at man var pliktig til å legge kommuneplanens bestemmelser til grunn ved utarbeidelse av reguleringsplan, noe som er grunnleggende galt. Kommuneplanens generelle bestemmelse om at naust ikke skal ha større BRA enn 40 m² gjelder for søknader om naust i områder som ikke omfattes av reguleringsplan. En nyere reguleringsplan vil som kjent gjelde foran en eldre kommuneplan. Det er intet hinder for at man kan gå på tvers av bestemmelser i kommuneplan, dersom man finner det ønskelig og fornuftig. På vegne av HA ber vi om at kommunen gjør følgende for å rette opp urimeligheten i denne saken: Første setning i § 3.4.2 bør endres til: «<i>Naust innenfor planområdet kan ha maksimal BRA 84 m².</i>» og § 3.4.3 bør utgå fra bestemmelsene.	Dette innspelet må kommunen ta stilling til. Me kan ikkje sjå at det får store konsekvensar for området, eller for ålmenta si tilgang til området om dette siste naustet vert bygd med same storleik som resterande naust i området.